

**Fra:** Flood, Frederik Aalo (frederik.aalo.flood@sveio.kommune.no)

**Sendt:** 20.10.2017 15:39:19

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** Førre, Jostein; Skåden, Jorunn; Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Emne:** Sveio kommune - Høyringsvar til investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029

**Vedlegg:** image001.jpg

**Sveio kommune - Høyringsvar til investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029**

**1. 5.2.3 Kommunedelplan (s.33)**

Kommunedelplan for Sveio sentrum er starta opp med forventa ferdigstilling 2019. Dette arbeidet vil vidareføre tideligare planar for Fv 6 igjennom Sveio Sentrum og konkretisering av planane som miljøgate.

**2. Fv 47 Haugalandspakken**

Utbetring av Fv 47 frå Fagerheim til Ekrene, inkludert nytt kryss på Ekrene inngår som eit tiltak i Haugalandspakken. Antatt byggestart 2018 eller 2019. Sveio kommune ber om at investeringsbehovet på Hordalandssida føres opp med dei naudsynte løyvingar jf tabell 5.3 side 35.

**3. Fv 47 sør for Sveio**

Et stykke på ca 700m av Fv 47 av for Sveio sentrum har divergerende standard enn vegen for øvrig. Smalare veg og manglar midtstripe. Bør prioriterast i investeringsprogrammet.

**4. 5.5.3 Framtidige bompengepakkar og prosjekt. (s 41.)**

Styringsgruppa for Haugalandspakken har gjort vedtak om å starta arbeidet med ein Haugalandspakke 2. Den eksakte utforminga av Haugalandspakke 2 er ikkje avklart men det er ein sannsynlighet for at Sveio kommune vil inngå i denne og punktet bør derfor medtas i dette kapittelet.

**5. 5.2.5 Planlegging og utgreiing av fylkesveg i kommunal regi**

I samband med planleggjing av bustadområde på Ekrene vest er det gjort avtale med Statens vegvesen om at planleggjing av gang- og sykkelveg langs Fv 541 frå kryss Fv 47 til Vikse skule og vidare til kryss KV Straumavegen medtakast i reguleringsarbeidet. Denne delen av reguleringsarbeidet dekkjast økonomisk av Statens vegvesen. Tiltaket er særst viktig for trafiksikkerhet i eit område med utbygging, stigande befolkning og stor aktivitet ved skulen. Tiltaket treffer målsetjinga om betre og meir samanhengande gang og sykkelveggar rundt skuler og andre målpunkt meget godt. Reguleringsarbeidet forventes ferdigstillet i slutten av 2018. Sveio kommune ber om at tiltaket prioriterast inn på investeringsprogrammet for trafiksikkerhetstiltak jf punkt 5.3.5.7

Med helsing

**Frederik Aalo Flood**

Einingsleiar drift- og anleggsavdelinga

Telefon: 53 74 80 63

Mobil: 950 19 832

E-post: [faflo@sveio.kommune.no](mailto:faflo@sveio.kommune.no)



Sveio kommune

Telefon sentralbord: 53 74 80 00

[www.sveio.kommune.no](http://www.sveio.kommune.no)

[postmottak@sveio.kommune.no](mailto:postmottak@sveio.kommune.no)